



# KYSTVERKET

Midt-Norge

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:  
2017/2272-3 423.6 Tormod Hjørungnes Engen 15.08.2017

## Løyve - Marine Harvest Norway AS - Søknad om etablering av akvakulturanlegg for laksefisk - Lokalitet Lønngrunnen - Bjugn kommune - Sør-Trøndelag fylke

Viser til Sør-Trøndelag fylkeskommune si oversending 22.05.2017 av tiltakshavar sin søknad med vedlegg, og oversending 10.07.2017 med korrigeret søknad og kartutsnitt over justert anleggsplassering.

*Dette løyvet er ikkje gyldig før Sør-Trøndelag fylkeskommune har gitt sitt endelege løyve etter akvakulturlova.*

### Saksopplysningar

Tiltakshavar søker om etablering av oppdrettsanlegg på ny lokalitet Lønngrunnen som ligg att med hovudleia aust om Asenvågsøya. Omsøkt biomasse er 6240 tonn MTB med eit anlegg som måler omlag 330x880 meter

### Aktuelle føresegner

Tiltaket fell inn under *Lov om havner og farvann § 27 første ledd* som lyd:

”Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krev tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk. Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør. (...).”

Tiltaket fell også inn under forskrift av 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som alltid krev løyve frå Kystverket § 1 som lyd:

”§ 1. (tiltak som alltid krev tillatelse fra Kystverket)

Følgende tiltak kan ikke iverksettes uten tillatelse fra Kystverket, uten hensyn til hvor tiltaket skal iverksettes:

- a) akvakulturanlegg
- b) kraftproduserende anlegg i sjø
- c) rørledninger for olje og gass
- d) broer
- e) luftspenn

#### Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

- f) innretninger, installasjoner og anlegg for kraftproduksjon og petroleumsvirksomhet, herunder slep og oppankring av slike. Unntatt er forsynings- og hjelpefartøy eller skip som transporterer petroleum i bulk.
- g) tiltak som krysser en kommunegrense
- h) andre tiltak som kan skape vesentlige hindringer eller ulempe for den alminnelige ferdsel, herunder sprengninger, større slep, seismiske undersøkelser og utprøving av utstyr.”

Søknaden skal difor avgjerast av Kystverket.

I vurderinga om ein skal gje løyve, skal det leggjast vekt på *Lov om havner og farvann* sine formål som kjem fram av § 1:

”Loven skal legge til rette for god framkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Loven skal vidare legge til rette for effektiv og sikker havnevirksomhet som ledd i sjøtransport og kombinerte transporter samt for effektiv og konkurransedyktig sjøtransport av personer og gods innanfor nasjonale og internasjonale transportnettverk.”

Med heimel i *Lov om havner og farvann* kan ein sette vilkår for eit løyve. I § 29 lyd det mellom anna:

”Ved fastsettelsen av vilkår i enkeltvedtak etter dette kapitlet skal det legges vekt på hensynet til god framkommelighet og trygg ferdsel i farvannet, hensynet til andre næringer, samt hensynet til liv og helse, miljø og materielle verdier. (...)”

Løyve til tiltak etter *Lov om havner og farvann* § 27 kan ikkje vere i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova med mindre at vedkomande plan- og bygningsmynde har gitt dispensasjon, jf. *Lov om havner og farvann* § 32 andre ledd.

## Vurdering

I vurderinga om ein skal gje løyve til omsøkt plassering må ein vege dei ulike omsyna i saka mot kvarandre. Kva for nokre omsyn som skal vektast og kor stor vekt dei skal få må ein vurdere mellom anna i lys av føremålet med den aktuelle føresegna. Tilsvarande gjeld for eventuelle vilkår til løyvet. Omsynet til søkjar taler for å gje løyve og vil verte tillagt vekt. For søkjar er det av interesse å sikre ei formålstenleg drift ved anlegget. Andre omsyn som det særskilt vert lagt vekt på er omsyna til den generelle ferdsle og ferdsla i samband med fiske.

Det omsøkte anlegget kjem relativt nær den relativt sterkt trafikerte hovudleia aust om Asenvågssøya utan at Kystverket vurderer det til å få vesentlege konsekvensar for ferdsla. Det er likevel formålstenleg utfrå omsynet til tryggleik at nordaustre hjørne av anlegget som er mest eksponert for trafikk vert utstyrt med AIS, sjå vilkår 3. Ein føreset at kablar og fortøyingar ikkje er til hinder for ferdsla og at bruken ikkje krenkjer naboeigedom og tilflottsrett eller tilsvarande rettar for andre rettshavarar.

### Vurdering etter §§ 8-12 i Naturmangfaldlova.

Med bakgrunn i den kunnskap Kystverket har om naturverdiane på lokaliteten og tilgrensande område, kan vi ikkje sjå at omsøkt oppdrettsanlegg med fortøyingar vil få særskild innverknad på marin og terrestrisk natur og artar av særskild verdfull, truga og sårbar karakter.

## Vedtak

**Med heimel i Lov om havner og farvann § 27 første ledd, jf. forskrift av 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som alltid krev løyve frå Kystverket § 1, får Marine Harvest Norway AS løyve til etablering av akvakulturanlegg på lokalitet Lønngrunnen i Bjugn kommune, Sør-Trøndelag fylke, som omsøkt og i samsvar med vedlagt stempla kart.**

Løyvet vert tildelt med følgjande vilkår, jfr. Lov om havner og farvann § 29:

1. Anlegget må forankrast/fortøyast forsvarleg slik at det ikkje driv av og kjem til fare for den allmenne ferdsle. Forankringstaua skal vere nedsenka.

Grunngjeving: Vilkåret er sett for at farty skal kunne passere trygt forbi anlegget, også om det pågår arbeid på- eller ved anlegget. Dette gjeld og farty som kan ha stor fart slik som sjøforsvaret sine hurtiggåande båtar.

2. Tiltaket skal utførast som omskrive i løyvet og vist på vedlagt teikning og kartutsnitt. Endringar må ikkje utførast utan dette på førehand er godkjent av Kystverket.

Grunngjeving: Endringar kan få annan verknad i farvatnet enn det som er vurdert i høve løyvet.

3. Merking skal skje i samsvar med "[forskrift av 19.01.2012 nr. 1329 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger § 5](#)," og vedlegg 2 til forskrifta – Merking av akvakulturanlegg. Anlegget skal merkast med AIS.

Grunngjeving: Vilkåret er sett ut frå omsynet til ferdsle og tryggleiken på sjøen, og fordi lysa ikkje skal blende dei sjøfarande.

4. Tiltakshavar skal omgåande sørge for at alle element som losnar frå akvakulturanlegget inkludert forankringstau som flyt opp, vert festa forsvarleg på rett stad eller fjerna. Dersom det ikkje straks let seg gjere å feste eller fjerne lause og/eller drivande element, pliktar tiltakshavar følgjande: Å melde frå til NAVCO telefonvakt nr: 22 42 23 31 (vakt heile døgnet).

Grunngjeving: Omsyn til ferdsle og tryggleik.

5. Ein må syte for at tiltaket til ein kvar tid har forsvarleg vedlikehald.

Grunngjeving: Omsynet til ferdsle og tryggleik.

6. Eit kvart ansvarsforhold og eventuelle erstatningskrav som følgje av tiltaket kviler på søkjaren.

Grunngjeving:

Dette vilkår er satt for at Kystverket ikkje skal verte ansvarleg for tiltak der nytta ligg hos andre.

7. Dersom vedtaket vert påklaga (gjeld og klage frå andre enn søkjaren) kan det verte sett krav om at arbeidet ikkje kan starte opp, eller at det kan stoppast til klagesaka endeleg er avgjort.

Grunngjeving: Dersom vedtaket vert påklaga, kan det tenkjast at påklagemyndet endrar vedtaket. Mellom anna for å unngå sløsing med ressursar kan det vere tenleg å utsetje arbeidet til klagesaka er avgjort.

8. Ein (1) månad før utlegging av oppdrettsanlegget pliktar tiltakshavar å sende melding med e-post til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER ([efs@kartverket.no](mailto:efs@kartverket.no)) med innhald om tidspunkt for utlegging, forventa ferdigstilling og posisjonar for lokalisering av arbeidsområdet.

Etter ferdigstilling skal tiltakshavar umiddelbart sende melding med nøyaktig innteikna kartskisse og innmålte posisjonar på anlegg og fortøyingar til Kartverket sjødivisjonen, Postboks 60, 4001 STAVANGER ([efs@kartverket.no](mailto:efs@kartverket.no)). Kopi av melding skal sendast Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND ([post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)).

Grunngjeving: Omsynet til ferdslø og tryggleik for dei sjøfarande ved ajourføring/oppdatering av sjøkartar og kunngjering i "Etterretningar for sjøfarande (Efs). Vidare å informere myndesutøvar (Kystverket) om ferdigstilling.

9. Ved permanent opphøyr av drift/konsesjon på ein lokalitet skal det sytast for fullstendig opprydding, her og fjerning av installasjonar over og under vatn. Fullstendig opprydding skal vere fullført seinast 6 månadar etter opphøyr. Melding om dette skal sendast Efs/Kartverket sjødivisjonen, Pb 60, 4001 Stavanger ([efs@kartverket.no](mailto:efs@kartverket.no)). Kopi av melding skal til Kystverket, Pb 1502, 6025 Ålesund ([post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)).

Grunngjeving: Omsynet til ferdslø og tryggleik for dei sjøfarande ved at sjøkartar vert ajourførte/oppdaterte og kunngjering utført i "Etterretningar for sjøfarande".

10. Når anker vert lagt ut skal eksisterande installasjonar som kablar, røyr, leidningar eller liknande sikrast, til dømes ved at dykkarar deltek under arbeidet. Eigargar av aktuelle installasjonar skal ha høve til å delta ved utlegginga av anlegget.

Grunngjeving: Unngå skade på eksisterande installasjonar.

## **Tilhøve til anna lovgjeving og privatrettslege tilhøve**

Saka er berre vurdert med omsyn til reglane i *Lov om havner og farvann* og ikkje til anna lov- og regelverk. Til dømes må tiltakshavar sjølv avklare tilhøva til reglane i plan- og bygningslova med kommunen, og tilhøva til kulturminnelovgjevinga med fylkeskommune/sjøfartsmuseum.

*Lov om havner og farvann* regulerer ikkje nabo- eller eigedomstilhøve som då ikkje vert vurdert i saka. Kystverket føreset likevel at bruken ikkje krenker naboeigedom, tilflottsrettar eller liknande rettार for andre. Søkjaren er sjølv ansvarleg for naudsynt samtykke frå grunneigarar og eventuelle rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane avgjerast anten gjennom avtale eller på annan måte, til dømes av domstolane.

## **Klage mv.**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast av søkjar og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 – tre - veker etter at samla vedtak frå Sør-Trøndelag fylkeskommune er framkome.

Søkjær eller andre med rettsleg klageinteresse står likevel fritt til å klage på Kystverket sitt vedtak før fylkeskommunen har sendt ut det samla vedtaket. Sjå orientering om klageadgang under.

Klageadgang må vere nytta før søksmål om vedtaket si gyldigheit- eller krav om erstatting som følgje av vedtaket vert reist, jf. forvaltningslova sin § 27b. Ein kan likevel sette fram søksmål når det er gått seks månadar frå klagen første gong vart framsett og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at avgjersla frå klagemynde ikkje føreligg.

Med helsing

Harald Tronstad  
regiondirektør

Tormod Hjørungnes Engen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bjugn kommune	Rådhuset	7160	BJUGN

Vedlegg:

- 1 Godkjenningskart - Marine Harvest Norway AS - Søknad om etablering av akvakulturanlegg for laksefisk - Lokaltet Lønngrunnen - Bjugn kommune - Sør-Trøndelag fylke

Likelydende brev sendt til:

Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Marine Harvest Norway AS	Postboks 4102 Dreggen	5835	BERGEN

## **ORIENTERING OM KLAGEADGANG**

### **KLAGEORGAN**

Enkeltvedtak fattet av Kystverkets regionkontor kan påklages til Kystverkets hovedkontor, jf. forvaltningsloven § 28.

Enkeltvedtak fattet av Kystverkets hovedkontor kan påklages til Samferdselsdepartementet, jf. forvaltningsloven § 28.

Klagen skal i begge tilfellene sendes per e-post til [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no) eller per post til Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND.

### **KLAGEFRIST**

Klagefristen er 3 uker fra den dag dette brevet kom frem, jf. forvaltningsloven § 29. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt innen fristens utløp. Dersom klagen kommer for sent, kan Kystverket se bort fra klagen. Det kan søkes om å få forlenget fristen, men da må man oppgi årsaken til dette, jf. forvaltningsloven §§ 29 og 31.

### **KLAGENS INNHOLD**

Klagen må inneholde følgende, jf. forvaltningsloven § 32:

- hvilket vedtak det klages over
- den eller de endringer som ønskes
- eventuelle andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen

I tillegg bør man nevne de grunner klagen støtter seg til. Klagen må undertegnes.

### **UTSETTING AV GJENNOMFØRING AV VEDTAKET**

Selv om det er klageadgang på et vedtak, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. Førsteinstansen, klageinstansen eller annet overordnet organ, kan beslutte at vedtak likevel ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltningsloven § 42. Man kan søke om å få utsatt gjennomføringen av et vedtak til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort (søke om oppsettende virkning av klagen), jf. forvaltningsloven § 42. Begrunnet søknad sendes til den etaten som er førsteinstans for vedtaket. En avgjørelse om oppsettende virkning kan ikke påklages.

### **RETT TIL Å SE SAKSDOKUMENTENE OG TIL Å KREVE VEILEDNING**

Med visse begrensninger har en part rett til å se dokumentene i saken, jf. forvaltningsloven §§ 18 og 19. Parten må i tilfelle ta kontakt med Kystverket. Man vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om fremgangsmåten og reglene om saksbehandlingen.

### **KOSTNADER VED KLAGESAKEN**

En part kan kreve dekning for vesentlige kostnader i forbindelse med klagesaken, jf. forvaltningsloven § 36. Forutsetningen er da vanligvis at det organet som traff det opprinnelige vedtaket har gjort en feil slik at vedtaket blir endret.

Det kan også søkes om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Klageinstansen eller partens advokat kan gi nærmere opplysninger om dette.

### **KLAGE TIL SIVILOMBUDSMANNEN**

Hvis man mener å ha vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan man klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser.